



## Statens vegvesen

Masfjorden kommune  
Postboks 23  
5981 MASFJORDNES

Sveinung Toft

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
16/44034-8

Dykkar referanse:  
17/1065

Vår dato:  
06.09.2018

### Offentleg ettersyn og høyring for kommuneplanen sin arealdel 2018–2030 – Masfjorden kommune

Vi viser til brev i frå Dykk av 12.07 med utlegging av kommuneplanen sin arealdel til offentlig ettersyn.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til arealdelen i kommuneplanen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport og trafikktryggleik.

Masfjorden kommune starta opp arbeidet med ny arealplan i 2016. Hovudmålet for kommuneplanen er ny bru over Masfjorden frå Sandnes til Duesund. Kommuneplanen som no er lagt ut på offentlig ettersyn byggjer vidare på kommuneplan vedteken i 2012. Kommunen har vidare hatt fokus på konkret utbyggingstiltak og då spesielt knytt til bustadbygging. Kommunen opplever noko tilbakegang i folketalet og bustadbygging generelt. Det har difor mellom anna vore viktig å kunne lokalisere nye områder for bustadbygging. Kommunen sitt prosjekt «Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden» med fokus på livskraftige og berekraftige lokalsamfunn har her stått sentralt. Elles er samferdsel og kommunikasjon som tidlegare utfordringar i kommuneplanen.

#### Plan for trafikksikring

Statens vegvesen vil på generelt grunnlag peike på kommunane sin trafikksikringsplanar som eit viktig dokument som bør vere eit vedlegg til kommuneplanen. Ved prioritering av gang og sykkelveggar i kommunane vil Statens vegvesen leggje dei ulike kommunane sine trafikksikringsplanar til grunn. Vi kan ikkje sjå at kommunen sin trafikksikringsplan ligg ved

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

dette ettersynet. Så langt vi er informert om har Masfjorden kommune ein trafikksikringsplan som vart vedteken i 2015. Trafikksikringsplanen skal vere ein del av kommuneplanen

### **Senterområder**

Kommunen legg opp til i alt 4 senterområder der Masfjordnes er kommunesenteret, Hosteland og Haugsvær er lokalsenter, medan Matre er karakterisert om nærssenter. Statens vegvesen opplever også at planen legg opp til i stor grad konsentrasjon av bustadareal og servicetilbod til desse områda. Dette er eit framtidsretta trekk som også er i samsvar med regional transportplan, som har som til intensjon å redusere biltrafikk og miljøfiendtelege utslepp. Auka i persontrafikken for framtida skal då løysast gjennom auka bruk av gange og sykkel. Ved å konsentrera institusjonar og næring slik som skule/barnehage, servicetilbod, saman med bustadområde og kollektivtilbod, slik kommunen no legg opp til, er kommunen betre rusta for å kunne nå måla i transportplanen.

### **Avkøyrslar og kryss**

Masfjorden kommune har ein stor del av fylkesvegar i sitt område, i tillegg til E39 som går gjennom kommunen. Fylkesvegnettet er på mange stader smalt, lite oversiktleg og har låg transportevne. Statens vegvesen si klare erfaring når det gjeld tilkomst til fylkesvegnettet via avkøyrslar, er at desto færre avkøyrslar ein har langs ein veg desto lågare er frekvensen av trafikkulukker. Dette er sjølvstakt ei utvikling vi ønskjer å bidra til og som er i samsvar med vår 0 – visjon. Med dette som bakgrunn vil ein ha som mål ved nye tiltak å få etablert få men trafikalt gode avkøyrslar. I ein del tilfelle vil dette bety at Statens vegvesen legg opp til sanering av avkøyrslar der dette er naudsynt. Avkøyrslene skal kunne tilfredstille krava i Vegnormal N100.

### **Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser i Region Vest**

Vi ser positivt på at kommunen legg Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegranser i Region Vest vedteken av Hordaland fylkeskommune i 2018 til grunn for handsaming av eventuelle søknadar om utvida bruk av avkøyrslar eller dispensasjon frå byggjegransa, jfr § 29 i Veglova. Kommuneplanen orienterer om innhaldet i Rammeplanen i punkt 3.1.9 under høyringsframlegget til føresegnar under lovverk som kan påverke arealbruken i kommunen, under Veglova.

### **Mjuka trafikantar**

Slik vi oppfattar arealplanen vil storparten av bustadbygging, næringsverksemd og nye tiltak finne stad i og ved det som planen definerer som senterområder. Det er her viktig at det ved tiltaka vert sikra moglegheit for å nytte sykkel og gange til og frå dei ulike målpunkta på staden. Spesielt gjeld dette til og frå skule, fritidsaktivitetar og arbeid. Ved nye reguleringsplanar må det settast krav om gang og sykkelveg fram til næraste skule/senter. Fokus på å få etablert gang og sykkeltilbod ved sentra i områder som ikkje er råka av reguleringsplan må oppretthaldast. For meir avsidesliggjande områder må det sikrast at det vert trygt å ta seg fram til kollektivtilbod. Eit minimum i slike områder skal vere fortau langs fylkesvegen. Ved nye utbyggingsområder der det i dag ikkje eksisterer kollektivtilbod må dette etablerast. I føresegnene til planen under pkt 4.4 må det gå fram at det skal vere krav

om rekkjefølgjekrav som sikrar at det vert etablert sikerskuleveg til næraste skule/busstopp frå bustadområda.

### **LNF – spreidd busetnad**

I tidlegare kommuneplanar har Masfjorden kommune hatt inne ein del større areal til bustadbygging med krav om reguleringsplan. Dette har vore store områder, der det vart lagt opp til eit volum på 20 – 40 einingar. Det same har også vore tilfelle når det gjeld fritidsbustadar. I inneverande planperiode er fleire reguleringsplanar for hyttefelt vorte oppheva og ein er i dag nede på eit nivå med ei handfull hytter gjeve på dispensasjon i desse tidlegare store planområda. Statens vegvesen har ved fleire høve påpeika ovanfor kommunen utfordringane med store bustadfelt, spesielt dei som ligg noko utanfor senterområda. Til bustadfelt vil det vere knytt krav frå vår side som sikrar trygg skuleveg, trafikktryggleik generelt og kollektivtilbod. Dette vil i mange tilfelle vere utfordrande, då dette skal finansierast i eit landskap der utbygginga har eit lågt tempo. Det vil truleg vere ein god vinst i slike områder dersom ein får etablert ein bustad anna kvart år. Tilkomst til fylkes og riksvegnettet skal kunne tilfredstille krav i Vegnormal N100.

Statens vegvesen er generelt oppteken av at ein nyttar reguleringsplanar som verktøy for realisering av bustadområde, jfr § 12 i Plan og bygningslova, i staden for bruk av dispensasjonar ved arealbruk som LNF – spreidd. Likevel ser vi at det er eit steg i riktig retning at Masfjorden kommune har teke opp til vurdering ein del av områda som ein tidlegare har lagt inne i kommuneplanen med krav om regulering, som moglege areal til LNF spreidd busetnad.

Slik vi forstår det vil det kunne vere aktuelt med dispensasjonar alt i frå 2 – 6 einingar pr område for neste planperiode, fram til 2030, områder med LNF spreidd. Før eit eventuell byggjeløyve i slike områder skal det vere avklart om Statens vegveien kan stille seg positiv til ein eventuelt tilkomst til fylkesveg eller ikkje, jfr § 27–4 i PBL. Det må difor søkjast Statens vegvesen om løyve til bruk av avkøyrsløse på fylkesvegen, jfr §§ 40–43 i Veglova. Forholdet til byggjegrænse må også vere avklart. Dette må gå fram av føresegnene til arealdelen pkt 5.2.2. Det vil kunne vere utfordrande å finne tilfredstillande og trygge avkøyrsløse punkt på fylkesvegnettet frå nokre av dei områda som ein no ønskjer å legge ut til LNF spreidd. Under vil Statens vegvesen gå gjennom områder som vi vurderer som utfordrande.

I områder der det allereie eksisterer tilkomst vil vi ha ei haldning om at desse vert utbetra og brukt ved nye etableringar. Avkøyrsløse skal tilfredstilla tekniske krav i samsvar med Vegnormal N100. Vår erfaring er at desto fleire avkøyrsløse ein fylkesveg har desto større meir risikoen for trafikkulukker. I dei seinare åra har vi hatt ei gledeleg stagnasjon i hardt skadde og drepne på vegnettet vårt. Riktig plassering av framtidige tilkomst til fylkesvegnettet vil bidra til ytterligare positiv stagnasjon. Ved desse område vil det også viktig å ha fokus på trygg skuleveg og tilknytning til eksisterande busetnad, med eventuelt tilbod til mjuke trafikantar.

### **Nørrland og Totland**

Statens vegvesen har hatt ei systematisk gjennomgang av områder der ein no legg opp til spreidd busetnad i LNF-området. Vi vurderer at nokre av desse har utfordringar når det gjelder tilkomst til fylkesvegnett. Dette gjeld B 09 og B 11, Nedre Nørrland og Totland. Når det gjeld B 09 så vil denne tomte i praksis ha tilkomst til Fv 374 via avkøyrslar utan tilfredstillande friskt, helling og svingradius. I utgangspunktet vil vi be kommunen ta dette arealet ut av kommuneplanen. Vi ser likevel at dersom dagens avkøyrslar vert stengd og ein nyttar Nørrlandsvegen fram til kryss lengre sør så kan dette vere ei mogleg løysing. Likeeins når det gjeld B11 så ser vi ikkje noko naturleg tilkomst til Fv 374. Vi ønsker ikkje inn og utkøyring via snuplassen som kollektivtransporten nyttar. Dette er nok også noko Skyss vil stille seg negativ til. Med mindre ein greier å knytte dette området mot kommunal veg eller anna internveg, ber vi om at B11 vert teken ut av arealdelen.

### **Solheim**

På Solheim er det lagt ut eit større areal til LNF spreidd (B-13) langs med fjellsida ved nedkøyringa mot bygda på Fv 379. Her er det lagt opp til maksimum 4 bustadar innan planperiode. Vi vurderer det som svært vanskeleg på få til tilfredstillande tilkomst til Fv 379 utan at ein må gjere store inngrep i fjell og terreng. Truleg vil det bli for krevjande å starte opp med etablering av avkøyrslar i samsvar med Vegnormal N100 i dette utfordrande terrenget, med det talet på tomter det er lagt opp til. Vi ber difor om at ein opprettheld krav til regulering, eller eventuelt tek området ut av arealdelen.

### **Kvingo**

I området ved Kvingo er det lagt opp til LNF spreidd på Kalvberget med et volum på 4 nye fritidsbustadar i perioden. Vidare er det lagt opp til næringsareal på Katlegrova med settefiskanlegg på land med krav til regulering. Begge desse områda bruker kommunal veg fram til kryssområdet på Kvingo. Vi er av den oppfatning at kryssområdet er såpass uoversiktleg at det ikkje bør tilførast meir trafikk i dette krysset før det er utbetra etter det som ligg til grunn i reguleringsplanen for Fv 570 Einestrاند – Kvingo. Dette skal gå fram av føresegnene for området i kommuneplanen. Dette vil også vere Statens vegvesen si haldning med tanke på utarbeiding av reguleringsplan for næring og søknad om etablering av fritidsbustadar.

### **Haugdalsbakken**

I dette området vest i kommunen (B-28) har det tidlegare vore krav til regulering for eit bustadområde. Vurderinga er no at ein ønskjer å legge dette ut til LNF spreidd busetnad i kommande periode, med bakgrunn i at etterspurnaden etter bustadtomter her ikkje er stor nok til å kunne bære ein reguleringsplan. Statens vegvesen vurderer at ein eventuell tilkomst til området må finne stad i vest. Her er det likevel ein del større bergnabbar, som vil krevje større fysiske inngrep for å kunne få etablert ei avkøyrslar slik Vegnormal N100 legg til grunn. Vi vurderer at dette vil vere ei oppgåve der fleire tomteeigarar må gå saman om. Truleg kan nok reguleringsplan for dette området vere den riktige løysinga, likevel. Alternativt bør ein vurdere å knytte seg til eksisterande avkøyrslar i området, mot nord.

### **Leirvågen**

Det er lagt opp til eit område til spreidd næring på denne staden NÆ -07. Kva for næring som er tenkt lokalisert her er går det ikkje fram av planen. Vi ser at området ligg kloss opptil Fv 570 med eksisterande avkøyrsløse. Næringsverksemd er i utgangspunktet trafikkdrivande og vi vurderer at dette området må regulerast, spesielt med tanke på nærleiken til Fv 570 og utforming av trafikale element og tilhøve til trafikken.

### **Træet – Kvalhogen – Hosteland Fv 570 / Fv 376**

I framlegget om areal til bustad og fritidsbustadar er det nokre områder vi ser det som uklokt å opne opp for spreidd busetnad/fritidsbustadar. Dette gjeld særleg areal mellom Hosteland sentrum og Træet/Kvalhogen. Det er i dag ikkje infrastruktur slik at ein kan ta seg til og frå dette området og inn på fylkesvegnettet på Hosteland på ein effektiv og trygg måte. I kontakt med kommunen i samband med reguleringsarbeidet for Hosteland sentrum vart det lovd at kommunen skulle ta denne kryssproblematikken opp i eigen reguleringsplan. Det er særlege utfordringar med køyring i mindre kulvert under Fv 570. Så langt er slik reguleringsplan ikkje utarbeid.

Vi er av den klare oppfatning av at området B -19 Træet som er foreslått som LNF spreidd busetnad skal inngå i ein slik plan. Likeeins må NÆ -05 gå inn i ein slik plan og ikkje leggest ut som LNF spreidd næringsbygg. Dette gjeld også NA -07 Træet og Skredsvika. Vi ser at bustadområdet på Kvalhogen vert vidareført som bustadområdet i noko mindre grad enn tidlegare, med krav om regulering, jfr §12 i PBL. Det er urå med ei god utvikling av desse områda utan at kryssproblematikken på fylkesvegen vert løyst. Dette for å gjere det mogleg å ferdast og ivareta trafikktryggleiken på staden. Statens vegvesen har utarbeid forslag til løysing på kryssproblematikken på Fv 570/376. Ovannemnde område må regulerast saman med kryssområdet på Fv 376 og Fv 570. Med bakgrunn i vårt sektoransvar for trafikktryggleik og ferdsløse er det eit krav frå vår side at det skal gå fram av føresegnene i kommuneplanen at nytt kryssområde skal vere regulert og bygd, før ein kan opne opp for nye bustadar, fritidsbustadar og næringsverksemd i dei nemnde områda.

### **Endring av Fv 570**

To stader i arealdelen har ein lagt opp til endring av hovudvegen gjennom Masfjorden, Fv 570. Dette gjelder endring av tilkomst til Fv 570 frå Fv 377 ved Risnes, samt omlegging av Fv 570 ved Fylkesgrensa mot Gulen.

Slik vi forstår oversendt dokumentasjon så er det i hovudsak avkøyring inne på Fv 377 mot Risnes kai som er hovudutfordringa, der ei ulukke og nokre uheldige trafikale situasjonar er bakgrunnen for ønskje om endra plassering av krysset. Så langt vi oppfattar det er det relativt oversiktleg på staden, slik at det ved normal køyring slik trafikkreglane legg opp til, så skulle ein kunne ta seg inn og ut av området på ein trygg og effektiv måte. Dersom det skulle vere hindringar på staden som Statens vegvesen ikkje er kjend med vil vi likevel tru at det er vesentleg rimelegare å endre avkøyrsla til Risnes kai i staden for å lage nytt kryss på Fv 570.

Vi gjer merksam på at kryss på Fv 570 frå Fv 377 krev reguleringsplan, jfr § 40 i Veglova. Vi oppfattar at dagens kryss mellom Fv 377 og Fv 570 fungerer tilfredstillande. Plassering av nytt kryss kjem like etter Risnes bru mot vest og har sine utfordringar, der mellom anna brurekkverket kan vere sikthindrande. Samstundes har vegen frå vest ei kurve opp mot brua, som også kan utfordre siktilhøva på staden. Tiltaket vil også medføre nytt kryss inne på Fv 377. Statens vegvesen vurderer at eit nytt kryss på staden ikkje vil gje betre trafikale tilhøve enn eksisterande situasjon. Truleg vil ei oppstramming av eksisterande kryss og siktutbetringar i retning Hosteland, gje eit godt kryss til langt lågare pris. Statens vegvesen vurderer at ein vil kunne få like gode trafikale løysingar ved å utføre forbetringar på eksisterande kryss. Vi ber difor om at dette punktet vert teken ut av kommuneplanen sin arealdel.

Når det gjeld omlegging av Fv 570 ved fylkesgrensa mot Sogn og Fjordane ser vi å kunne stille oss positive til ein interkommunal reguleringsplan som grunnlag for å rette ut fylkesvegen. Dette fordrar likevel at Gulen kommune er samd i dette og er villig til å ta del i reguleringsarbeidet. Dette må også følgjast opp i Gulen sin kommuneplan. Er det ikkje semje om dette, bør traseen takast ut av kommuneplanen. Når det gjeld økonomien i eit slikt prosjekt så er det Hordaland og Sogn og Fjordane fylker (Vestland fylke etter 2020) som har ansvar for Fv 570, og eventuell finansiering av slik prosjekt. Det er vidare positivt at ein har fokus på etablering av gang og sykkelveg mellom bygdene som ein del av dette tiltaket.

### **Samanfatning**

Ovanfor har Statens vegvesen vurdert dei momenta i arealdelen til kommuneplanen som vi meiner er essensielle ut i frå det trafikale ansvaret vi har. Dei momenta vi har gjennomgått meiner vi er med på å sikre eit betre trafikalt miljø både når det gjeld ferdsle og trafikktryggleik. Vi vurderer at det med dette bidraget vert lagt til rette for å nå mål i statlege retningslinjer som ligg til grunn for trafikk og arealplanlegging, samt ei positiv utvikling for Masfjorden kommune når det gjeld trafikktryggleik og ferdsle.

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Sigmund Bødal  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN